
Vår referanse 2020/50534-2
Dato 14.05.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Larissa Dahl

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Dispensasjon - gnr. 444, bnr. 65 - Mangersneset - Alver kommune

Viser til brev datert 08.05.2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i det aktuelle arealet, men delar av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Området si høgde over havet og topografiske høve indikerer potensiale for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift